



ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Postboks 75
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3873 - 16/34982

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
23.12.2016

Avvist søknad om fylling i sjø - gbnr 202/1 fnr 3 og 4 Hjelmås

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Hillesvåg Ullvarefabrikk AS
Ansvarleg søkjar: ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, Velg et element.

Tiltak

Saka gjeld utfylling av 700 m³ lausmassar i sjø

Planstatus

I kommuneplanen kjem ein liten del av tiltaket innafør arealføremålet i næring og mesteparten i område sett av til småbåthamn. Det er ikkje spesifisert om det aktuelle arealet skal verta småbåthamn på land eller i sjø.

Det vart sett i gang reguleringsarbeid for området i 2012. 21.11.2016 vart planframlegg sendt til kommunen for handsaming: **Områderegulering Hillesvågen**. I framlegget er arealføremålet næring for det aktuelle arealet. Det er såleis ikkje fullt ut same arealføremål i overordna plan som i framlegg til reguleringsplan.

Uttale frå anna styresmakt

I samband med oppstartsmelding i 2012 kom fylkesmannen med uttale. Han skriv mellom anna:

Vi minner om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i forhold til naturmangfaldet, og at det må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7-12.

VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Dispensasjon

Den største delen av tiltaket er i strid med overordna plan. Tiltaket kan difor ikkje gjennomførast utan dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen. Dispensasjonen er av ein slik karakter at han må sendast på høyring. Dette vart søkar orientert om i brev frå kommunen datert 01.10.2012.

Nabovarsling

Søknad om løyve og dispensasjon må minimum varslast til eigar av festetomtene som Hillesvåg Ullvarefabrikk festar

Sjølv om planarbeidet starta for 4 ½ sidan, har ikkje planprosessen komme særleg langt. Planframlegget kom nyleg inn, og det er ikkje handsama enno. Administrasjonen (planavdelinga og byggesaksavdelinga) er i utgangspunktet negativ til godkjenna dispensasjon i denne fasen i planprosessen, jf fylkesmannen sin uttale til oppstart av reguleringsplan datert 12.06.2012

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om [skriv inn kva saka gjeld] avvist. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3873

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen	Postboks 75	5952	FONNES
	Fonnes Senter		
Hillesvåg Ullvarefabrikk As	Leknesvegen 259	5915	HJELMÅS

Mottakarar:

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen	Postboks 75	5953	FONNES
------------------------------	-------------	------	--------